

# RAUMA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Utvalg for plan og forvaltning	21.08.2013	058/13	BRG

<b>Saksansvarlig</b> Brit Grønmyr	<b>Arkiv:</b> K2-S01 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 13/1597
--------------------------------------	--	------------------------------

### HØYRING AV KONSESJONSSØKNAD FRÅ RAUMA ENERGI AS FOR KAVLIFOSS MINIKRAFTVERK

#### RÅDMANNENS INNSTILLING:

Rauma kommune har desse merknadane til konsesjonssøknaden frå Rauma energi på Kavlifoss minikraftverk, jfr regelverk for vassdragsplan for elvene i Rauma vedteken i KS-043/06 den 27.06.2006:

- Kravet i den kommunale vassdragsplana om at fasaden på stasjonsbygget skal vera i lokal byggjeskikk der det er brukt materialar som er vanleg og typisk for området, skal vurderast i kommunal byggesak
- Massetak og deponi skal gå fram av detaljplan som skal godkjennast av kommunen
- Ei fagmessig fullgod teknisk løysing og utførelse for legging av rørgate i kommunal veg blir forutsett.
- Vegane skal stengast med bom og kun nyttast i samband med drifts- og vedlikehaldsoppgåver ved anlegget.
- Ferdslshinder og behov for forstyrrende sikringstiltak skal unngåast ved kraftstasjonen.
- Anleggsbreidda til rørgata skal ikkje overstige 15. meter.

#### **21.08.2013 UTVALG FOR PLAN OG FORVALTNING**

Dei som er medlem eller er varamedlem til styret for Rauma Energi blei kjen habil, jfr. forvaltningslova § 6, e, 2. alternativ.

Avstemming: Enstemmig som innstillinga.

#### **PLAN-058/13 VEDTAK:**

Rauma kommune har desse merknadane til konsesjonssøknaden frå Rauma energi på Kavlifoss minikraftverk, jfr regelverk for vassdragsplan for elvene i Rauma vedteken i KS-043/06 den 27.06.2006:

- Kravet i den kommunale vassdragsplana om at fasaden på stasjonsbygget skal vera i lokal byggjeskikk der det er brukt materialar som er vanleg og typisk for

- området, skal vurderast i kommunal byggesak
- Massetak og deponi skal gå fram av detaljplan som skal godkjennast av kommunen
  - Ei fagmessig fullgod teknisk løysing og utførelse for legging av rørgate i kommunal veg blir forutsett.
  - Vegane skal stengast med bom og kun nyttast i samband med drifts- og vedlikehaldsoppgåver ved anlegget.
  - Ferdshinder og behov for forstyrrande sikringstiltak skal unngåast ved kraftstasjonen.
  - Anleggsbreidda til rørgata skal ikkje overstige 15. meter.

### **Saksopplysninger:**

Rauma Energi AS søker om løyve etter vassressurslova til å byggje Kavlifoss minikraftverk i elva Isa. Det er planar om å nytte eit 15 m høgt fall med inntak på kote 45 og kraftstasjon på kote 30. Kraftverket vil gi ein årleg kraftproduksjon på 3,4 GWh. Dette svarar til straumbruken til om lag 170 husstandar. NVE har no sendt søknaden på høyring med uttalefrist 2. september 2013.

Det omsøkte kraftverket ligg i LNF-sone 4 i kommuneplanens arealdel, der «Spredt bolig-, nærings- og fritidsbebyggelse kan tillates dersom statlige og fylkeskommunale sektormyndigheter ikke har avgjørende innvendinger.». Tiltaket er innanfor planområdet for den nye kommuneplana for Isfjorden, som er under utarbeiding.

I den kommunale vassdragsplana er Kavlifossen i gul sone. I denne plana er det både generelle krav for alle soner og spesielle for dei einskilte sonene der grøn er den mest liberale, raud er den strengaste og gul er mellom desse. Dei generelle krava og krava for gul soner er lagt ved elektronisk til saka.

Som Rauma Energi AS skriv, har det vore eit kraftverk på staden tidlegare, med drift frå ca 1920 – 1952, og det omsøkte kraftverket blir i all hovudsak ei reetablering av dette.

### **Vurdering:**

Det blir i vurderingane lagt vekt på dei generelle krava i vassdragsplana samt dei spesielle krava for gul sone. Enkelte krav blir ikkje nemnde spesielt, og desse er enten rekna som uaktuelle for dette tiltaket eller som oppfylte gjennom planane beskrivne i konsesjonssøknaden. Hovudinntrykket er at dette er ein grundig konsesjonssøknad som tek dei nødvendige omsyna til natur og miljø. Særleg løysinga med Coanda-inntak er spennade og nyskapande (s 15 i konsesjonssøknaden).

Den kommunle vassdragsplana sin generelle del har eit krav om at fasaden på stasjonsbygget skal vera i lokal byggjeskikk der det er brukt materialar som er vanleg og typisk for området, og at kommunen skal bestemme standarden i dette kravet. Konsesjonssøknaden inneheld ei setning om at bygget «gis en arkitektonisk utforming som harmonerer med omgivelsene», så første del av kravet ser ut til å bli oppfylt. For å følgje opp andre del om kommunal godkjenning blir dette teke med i innstillinga Det same gjeld massetak og deponi i

anleggsperioden, der vassdragsplana krev at detaljplan for dette skal godkjennast av kommunen.

Kraftgata kryssar kommunal veg ved Kavlifossbrua. Saka er lagt fram for teknisk enhet, og dei har ikkje merknadar til tiltaket ut over at ei fagmessig fullgod teknisk løysing og utførelse for legging av rørgate i kommunal veg blir forutsett. Dette blir teke med i innstillinga. For tilkomstvegane er det i den kommunale vassdragsplana eit krav om at desse skal stengast fysisk og kun brukast i samband med aktivitet på anlegget. Ein finn ikkje dette omtala i konsesjonssøknaden, og det blir derfor teke med i innstillinga.

Både kraftstasjon og inntaksdam er mindre inngrep, og vil få ei diskret plassering i terrenget i forhold til hovudferdselsårer. Ein bør likevel gjere tiltak som gjer at det skal vera mogleg for fiskarar og andre å passere kraftverket på ein folkeleg måte. Vassdragsplana set krav om at utløpet frå kraftstasjonen skal leggest i rør minimum 10 meter frå stasjonsbygninga for å unngå sjenerande støy, ferdselshinder og behov for forstyrrende sikringstiltak, men dette kan bli ei utfordring her så trong som elvakanten er akkurat her. Men plana beskriv at turbinen skal dykkast, og Per Kåre Skudal frå Tafjord Kraftproduksjon AS, som har utarbeidd plana og har erfaring med denne typen kraftverk frå Ørskog, seier at dette saman med peltonturbin reduserer støyen til å gå nesten i eitt med fossesusen. Ein finn derfor å kunne avvike også dette kravet i dette tilfellet, men held fast ved kravet om å unngå ferdselshinder og forstyrrende sikringstiltak i innstillinga.

Vassveg skal ifølge vassdragsplana som hovudregel leggest under terrengnivå og anleggsbreidda skal ikkje overstige 15 meter. Ein finn å kunne avvike kravet om vassveg under terrengnivå i dette tilfellet da gamal rørgate skal nyttast mellom kommunevegen og kraftstasjonen, og ein med dette unngår terrenginngrep i bratt, erosjonsutsett elvaskråning. Når det gjeld anleggsbreidde finn ein ikkje noko om dette i konsesjonssøknaden, og det blir derfor med i innstillinga.

Eit anna krav i vassdragsplana er at inngrepet ikkje skal ikkje kome i kontakt med naturtyper av nasjonal eller regional verdi. Som beskrive i rapporten frå Rådgivende Biologer AS s 19 er heile elveløpet frå Unjem til samløpet med Glutra registrert som eit område med regional verdi (B) i naturbasen, i kategorien «kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti». Ut frå vurderingane til Rådgivende biologer AS, størrelsen på kraftverket og tiltak som minstevassføring i konsesjonssøknaden frå Rauma energi i denne saka vurdert opp mot samfunnsnyttan av vasskraft finn ein å kunne avvike også dette punktet i vassdragsplana.

### **Vedlegg:**

#### **Utrykte vedlegg:**

[Konsesjonssøknad frå Rauma Energi med følgebrev på heimesidene til NVE](#)

Kommunal vassdragsplan (Kommunedelplan 2006)

- [Regelverk](#)
- [Kart](#)